



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Styret i Bordgleder Kinn kommune KF
Møtestad: Bordgleder sine lokaler
Dato: 28.01.2026
Tid: Kl. 14:00 - 16:15

Følgjande medlemmer møtte Parti

Lone Marlen Bareksten
Madelen Øvrebotten Hopen
Petter Karl Refsnes
Jacob Andrè Telvik Nødseth Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Tore Skarstein		Liv Marit Breilid	

Frå administrasjonen møtte:

Halvor Halvorsen, dagleg leiar
Norvall Bakke, rekneskapssjef


Repr. Nødseth deltok frå kl 14.30.

Måløy, 30.01.2026

Jacob Andrè Telvik Nødseth
Styreleiar Bordgleder KF

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/26	Godkjenning av møteprotokoll
003/26	Førebels rekneskap 2025
004/26	Fastsetjing av årshjul for styremøter 2026
005/26	Status drift og eksternt sal
006/26	Løn dagleg leiar 2025
007/26	Refererte skriv og meldingar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	28.01.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 28.01.2026:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:


Ingen merknadar.

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.

BOGL- 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	28.01.2026

Godkjenning av møteprotokoll

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 28.01.2026:

Handsaming:

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.


BOGL- 002/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Styret i Bordgleder Kinn kommune KF - 05.12.2025



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	28.01.2026

Førebels rekneskap 2025

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret tek førebels rekneskap for 2025 til orientering.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 28.01.2026:

Handsaming:

Rekneskapssjef Norvall Bakke deltok kl. 14.30–15.00

Norvall Bakke ga en orientering om foreløpig regnskapet 2025 og la frem et forslag til fremtidig rapportering som styret sluttet seg til. Det vil vise regnskapet på en mer informativ måte for regnskapsperioden og prognoser for resten av året.

Styret var opptatt av at regnskapet skulle være informativt, og gi et godt bilde av den økonomiske situasjonen i foretaket. Det skal være med forklarende tekst om eventuelle avvik.

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedteke.

BOGL- 003/26 Vedtak:

Styret tek førebels rekneskap for 2025 til orientering.

Bakgrunn for saka:

Foreløpig regnskap er ikke ferdig pr. onsdag 21.januar.

Siste frist for å ferdigstille endelig årsregnskap i Kinn kommune er 22. februar.

Saksopplysningar:


Regnskapssjef deltar i styremøtet onsdag 28.januar og orienter om regnskapet 2025.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje aktuelt

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Ikkje aktuelt



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/5582
Sakshandsamar: Halvor Halvorsen
Dato: 21.01.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	28.01.2026

Fastsetjing av årshjul for styremøter 2026

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret vedtek årshjul som framlagt og fastset møtedatoar for 2026:

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 28.01.2026:

Handsaming:

Røysting:

Framlegg til vedtak om møtedatoar for 2026, samrøystes vedteke.

BOGL- 004/26 Vedtak:

Styret vedtek årshjul som framlagt og fastset møtedatoar for 2026:

Styremøte 1: 28.01.26 kl.14.00

Styremøte 2: Onsdag 18. mars 2026. kl.14.00

Styremøte 3: Onsdag 20.mai kl.14.00

Styremøte 4: Onsdag 26.august kl.14.00

Styremøte 5: Onsdag 21. oktober kl.14.00

Styremøte 6: onsdag 18. november kl.14.00

Styre vil bli kalt inn ut over dette ved behov.

Årshjuet ble vedtatt slik det foreligger og Regnskapssjef Norvall Bakke blir kallet inn

Onsdag 18. mars 2026. kl.14.00, godkjenning av årsregnskap 2025

Styremøte 3: Onsdag 20.mai kl.14.00 . sak om revidert budsjett 2026

Styremøte 4: Onsdag 26.august kl.14.00 sak. Forberedende møte til Budsjett, økonomiplan og investeringsbudsjett 2027-2031

Bakgrunn for saka:

Det vert lagt fram framlegg til årshjul som viser tidspunkt og hovudtema for styremøta i 2026.

Saksopplysningar og vurderingar:

Eit fast årshjul bidreg til føreseielegheit og god planlegging av styrearbeidet. Årshjul for 2026 er i samsvar med praksis frå tidlegare år og fristar fastsette av kommunen, mellom anna for handsaming av budsjett og rekneskap.


Dagleg leiar har foreslått tidsperiodar for når styremøta bør haldast. Styret peikar ut konkrete datoar og tidspunkt etter samråding i møtet.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Ikkje aktuelt



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	28.01.2026

Status drift og eksternt sal

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret tek status for drift og eksternt sal til orientering.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 28.01.2026:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedteke.

BOGL- 005/26 Vedtak:

Styret tek status for drift og eksternt sal til orientering.

Bakgrunn for saka:

Dagleg leiar legg fram status for drifta, mellom anna produksjon, bemanning og utvikling i eksternt sal.

Saksopplysningar:

Avvik

Alle avvik er følgde opp og lukka, og det er sett i verk førebyggjande tiltak.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i perioden har vore [x %]. Oppfølging skjer i tråd med IA-rutinar og arbeidsmiljølova § 4-6, som pålegg arbeidsgivar å følgje opp sjukmelde arbeidstakarar og leggje til rette for tilbakeføring til arbeid.

På grunn av få tilsette og omsyn til personvern er denne delen av saka unnateken offentlegheit i samsvar med offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13 første ledd nr. 1, som vernar opplysningar om personlege forhold.

Økonomi

Rekneskapen for 2025 – sjå sak 03/26.

Økonomisk omstilling

Dagleg leiar har gjennomført dei vedtaka styret har forventa for 2025. Bemanninga er no i samsvar med vedtak.

Eksternt sal

Bordgleder har i 2025 delteke i fleire anbod. Dette har ført til at Bordgleder frå og med mars/april 2026 vert teken inn i Servicegrossisten sitt varesortiment, og produkta vert lagerførte og selde over heile Noreg. Det gjeld 8–10 produkt. Det kan ikkje seiast noko om volum, då kunden står fritt til å velje produkta, men dette opnar for nye moglegheiter for Bordgleder.

Føretaket vil arbeide aktivt med sal i 2026 og nytte moglegheitene innpasset hos Servicegrossisten gjev. Salsarbeidet i 2026 vil skje innanfor tiltaksområda i strategiplanen til føretaket.


Bordgleder deltek i kommunedirektøren sitt arbeid med å vurdere moglegheiter for samarbeid med andre kommunar i regionen. Dette arbeidet er pågåande.

Godkjenning frå Mattilsynet

Bordgleder er no endeleg godkjent av Mattilsynet og har fått EFTA-godkjenningsnummer 3031.

Bordgleder hadde tilsyn frå Mattilsynet 19. januar 2025. Det vart ikkje gitt merknader til drift, dokumentasjon eller anna. Bordgleder vil så snart som råd starte merking av alle produkt i tråd med tilråding frå Mattilsynet. Dette inneber utarbeiding av ovalt merke med teksten «Noreg, 3031 EFTA». Merkinga vert implementert ved bestilling av nye etikettar, og heimesida vert oppdatert med relevant informasjon.

Denne godkjenninga gjev høve til auka produksjon, og Bordgleder er no godkjend for leveransar i EØS-området.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	28.01.2026

Løn dagleg leiar 2025

Innstilling frå dagleg leiar:

Saka vert lagd fram utan tilråding.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 28.01.2026:

Handsaming:

Styret har ikkje mottatt relevant informasjon om lønnsutviklingen fra Kinn kommune og har ingen grunnlag til å fatte vedtak. Saken blir utsatt til neste styremøte.

BOGL- 006/26 Vedtak:

Sak utsett, då styret har ikkje mottatt relevant informasjon om lønnsutviklingen fra Kinn kommune og har ingen grunnlag til å fatte vedtak.

Bakgrunn for saka:

Sak om fastsetjing/regulering av løn for dagleg leiar for 2025.

Saksopplysningar og vurderingar:

Utsett sak frå november 2025.

Unnateken offentlegheit jf. offentleglova § 23 første ledd. Vedtaket er offentlig.

Dagleg leiar har inga vurdering i saka.

Styreleiar vil orientere om kravet og dialogen i forkant av styremøtet, mellom anna med personalavdelinga.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje aktuelt

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Ikkje aktuelt



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/5619
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 21.01.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utal	Møtedato
007/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	28.01.2026

Refererte skriv og meldingar

Innstilling frå dagleg leiar:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

001/26, Svar til Kontrollutvalet frå Bordgleder

002/26, Tilsynskvittering Mattilsynet

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 28.01.2026:

Handsaming:

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes vedteke.

BOGL- 007/26 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.